

Redaksjonskomiteens endelige innstilling (før språkvask):

Vil vedta utan endringar: 62, 68, 79, 83, 86, 89, 90, 91, 92, 150, 151

Ivaretar heilt eller delvis forslag: 1, 2, 3, 4, 7, 8, 9, 10, 16, 17, 18, 19, 20, 21, 22, 27, 28, 30, 31, 32, 33, 34, 35, 36, 37, 38, 39, 40, 41, 42, 43, 44, 46, 47, 48, 49, 50, 51, 53, 54, 55, 56, 57, 58, 59, 60, 61, 63, 64, 65, 66, 67, 69, 71, 72, 74, 76, 78, 80, 81, 82, 84, 85, 87, 88, 93, 94, 95, 98, 100, 102, 107, 108, 110, 111, 112, 116, 117, 120, 122, 123, 124, 126, 127, 128, 129, 130, 132, 133, 134, 135, 136, 138, 139, 140, 141, 142, 143, 144, 145, 146, 147, 149, 152, 155, 156, 157, 158, 159, 160, 161, 162, 164, 165, 167, 168, 169, 170, 171, 172, 173, 174, 175, 176, 177, 178, 180, 181, 182, 183, 184, 186, 255, 263, 264, 265, 267, 268, 269, 270, 271, 273

Vil avvise forslag: 5, 13, 14, 45, 70, 73, 104, 109, 166 (dissens), 179, 185, 194, 198, 272

Vil oversende stortingsgruppa: 12, 29, 96, 150, 151, 163, 197, 257

Vil oversende programkomiteen: 29, 97, 103, 110

Vil støtte intensjonen og oversende programkomiteen: 148

Vil oversende Arbeiderpartiet i Bergen: 154

Forslag som vert foreslått oversendt til representantskapsmøte om NTP: 192, 193, 195, 196, 201, 202, 203, 204, 207, 215, 216, 217, 221, 222, 224, 228, 231, 232, 233, 234, 240, 241, 242, 243, 246, 248, 249, 251, 252, 253

Forslag om fylkesvegar vert foreslått oversendt fylkestingsgruppa: 11, 15, 199, 200, 205, 206, 208, 209, 210, 211, 212, 213, 214, 218, 219, 220, 223, 227, 229, 230, 235, 236, 237, 238, 239, 244, 245, 247, 250

For ordens skyld opplyser vi om at følgende forslag ikkje vart oversendt redaksjonskomiteen fra årsmøtet på første dag: 23-26, 52, 75, 77, 99, 101, 105, 106, 113, 114, 115, 118, 119, 121, 125, 131, 137, 153, 187-191, 199, 200, 225-227, 235, 254, 256, 258-262, 274, 278

Vedtektsforslag:

Vil vedta uten endringar: 257

Vil sende tilbake til styret: 276, 277

1 **Arbeid**

2 **R1 Heile folket i arbeid – eit inkluderande arbeidsliv**

3 Dei demografiske endringane i samfunnet føre med seg behov for å tenke nytt og nyskapande slik at
4 vi også i framtida får løyst oppgåvene i samfunnet. Det eksisterer ein arbeidskraftreserve i Noreg som
5 må mobiliserast. Tilknyting til arbeidslivet gir også positive effektar for enkeltmenneske. Ein vert
6 inkludert i sosiale miljø, aukar livsmeistring og skal løne seg økonomisk. Likevel vil det alltid vere slik
7 at nokre faktisk ikkje kan arbeide. Når ein kommer til det punktet at uføretrygd skal bereknast må
8 det sikkast at ikkje ein vert straffa økonomisk for å ha forsøkt å halde seg i arbeid så lenge som
9 mogleg. Om ein til dømes har forsøkt å arbeide i redusert stilling dei siste åra vert også
10 berekningsgrunnlaget urimeleg lågt sett opp mot innsats gjennom eit lengre arbeidsliv. Dette gir ikkje
11 eit incentiv som aukar arbeidsdeltaking, men vil heller ha motsett effekt. Mange av dei gode
12 løysingane på dei nemnte utfordringane finst allereie, men nokre er enno ikkje utvikla. Dei lokale
13 NAV-kontorene bør ha meir friheit til å utprøve nye lokale tiltak, og i større grad sjølve vurdere behov
14 for allereie eksisterande tiltak som til dømes AFT (arbeidsforberedande trening) etter eige skjønn.

15 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 16 • Prøve ut nye tiltak og etablere ordningar med sikte på å auke deltaking i arbeidslivet for alle
- 17 • Auke sysselsettinga blant menneske med utviklingshemming gjennom at offentlege anbod prioriterer VTA/VTO-bedrifter der det er mogleg
- 18 • Syrgje for god oppfølging av tilsette i VTO (varig tilrettelagt arbeid i ordinær bedrift) og gi en fast tilskotsats for oppfølginga
- 19 • Gjere tilrettelagt fagopplæring til ei nasjonal ordning
- 20 • Auke taket for kor mykje man kan tene utan at uføretrygda vert avkorta
- 21 • Sikre bedrifter og arbeidssøkande tilgang til effektiv og tilgjengeleg arbeidsformidling
- 22 • Gjennomføre tiltak som gjer det lettare for folk å få fleire barn og samstundes arbeide heiltid
- 23 • Modernisere sosialtenestelova og folketrygdlova med sikte på å forenkle ytingar
- 24 • Gå gjennom reglar for berekning av uføretrygd med mål om å få på plass ei meir rettferdig ordning
- 25 • Modernisere arbeidsmiljøloven kapittel 10 om arbeidstid, med digitale formkrav for oversikt over arbeidstiden og flere formkrav til avtaler om gjennomsnittsberegning av alminnelig arbeidstid og utvidet overtid

31

32

33

34 **R2 Bustad**

35 Noko av årsaka til at Noreg har utvikla seg til eit land med små forskjellar er den sosialdemokratiske
36 bustadpolitikken som har hatt som eit klart mål at folk skal eige sin eigen bustad. Når
37 marknadskreftene styrer fritt er det mange som ikkje har økonomisk moglegheit til å komme seg inn
38 på bustadmarknaden. Særleg utsett er menneske med varig låginntekt, einslege forsørgjarar og unge
39 i etableringsfasen.

40 I tråd med eldrereforma skal kommunane framover bygge fleire bustadar som er tilpassa at folk kan
41 bu trygt heime lengre. Det er heilt naudsynt at kommunane også settast økonomisk i stand til å
42 byggje disse bustadane i dag.

43 Stortinget skal behandle bustadmeldinga i løpet av dette året og vi har store forventningar om at
44 denne nyttast til å gjenreise husbanken til ein aktør som bidreg til at vi når våre bustadpolitiske mål
45 om trygge og gode bustadar til alle. Startlån er vårt viktigaste bustadpolitiske verkemiddel, og ramma
46 må aukast. Husbanken må også få i oppdrag å i større grad hjelpe kommunane med deira
47 bustadpolitiske arbeid. Bustadmeldinga må også sjå på ulike formar for bustadkjøpsordningar utover
48 dei leige-til-eige-modellane som finst i dag. Vi må også fornye husleigelova slik at rettane til
49 leigetakaren vert styrka. Bygging av studentbustadar er ein vinn-vinn-sak, ved at vi bidreg til trygge
50 og gode bustadforhold for studentane samstundes som det bidreg til å minske trykket i
51 bustadmarknaden.

52 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 53 • At husbanken si utlånsramma vert ytterlegare auka
- 54 • Styrke støtteordningar slik at kommunane kan bygge nok kommunale bustader
- 55 • Styrke ordninga med kommunale bustadstilskot til privatpersonar
- 56 • Det skal arbeidast for ei langsiktig ordning med investeringstilskot til kommunane, til
57 sjukeheimspllassar og omsorgsbustadar.

58

59

60

61 **R3 Helse**

62
63 **Kvinnehelse**

64 Prioritering av kvinnehelse er både god samfunnshelse og god samfunnsøkonomi. Medisinsk
65 kunnskap byggjer i stor grad på studier gjort på mannskroppen. Kvinner og menn kan ha ulike
66 symptom på same sjukdom og dei kan reagere annleis på medisinlar. For tilstandar som rammar
67 begge kjønn, til dømes hjartesjukdom, manglar vi framleis forskning på kvinner sine helseutfall og
68 behandling. Manglande kunnskap om sjukdomar som endometriose, lipødem og polycystisk
69 ovariesyndrom gjer at kvinner vert seinare diagnostisert og får därlegare behandling. Her er og
70 forskninga mangelfull. Kvinner si helse heng ofte saman med barn si helse. Meir kunnskap om
71 kvinnehelse gir betre helse, betre livskvalitet og like moglegheiter for både mor og barn. Eit auka
72 fokus på kvinner sine livs- og helseutfordringar vil sikre mange friske leveår for både kvinner som skal
73 menstruere, verte gravide, føde friske barn, vere arbeidsdyktige og bidra i samfunnet lenge etter
74 overgangsalderen. Det er utvetydig slått fast at sjukdomar artar seg ulikt mellom kjønna og at det er
75 naudsynt med auka fokus på kvinnehelse i medisinsk forsking. Det vil teke tid for å endre etablerte
76 strukturar i helseforsking og tette kunnskapshola når det gjeld kvinnehelse. Vestland Arbeidarparti
77 meiner difor det er naudsynt at fokuset på kvinnehelse haldast oppe.

78 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 79 • Gi økonomisk insentiv til forsking på kvinnehelse og bruk av forskingsdyr som er hokjønn slik
80 at kunnskapshull tettes og ny kunnskap vert løfta frem.
81 • Opprette eit brukarutval for kvinnehelse for å sikre at kvinners medverknad i
82 avgjersleprosessar
83 • Auke midla til forskning på kvinnehelse slik at kunnskapshol vert tetta og ny kunnskap kan
84 løftast fram.
85 • Ha auka fokus på kvinner sine helseutfordringar i helseprofesjonsutdanningane slik at vi
86 sikrar likeverdige helsetenester for alle.
87 • Ha større fokus på kvinner sine livs- og helseutfordringar hos fastlegane slik atikke problema
88 vert bagatelliserte.
89

90 **Svangerskap, fødsel, barsel**

91 Svangerskap, fødsel og barseltid kan føre med seg fysiske-, mentale- og/eller tannhelseproblem.
92 Dette kan igjen påverke barnets helse og utvikling. Vestland Arbeidarparti meiner det skal være ein
93 prioritert offentleg oppgåve å ivareta kvinnene som bringer frem neste generasjon.

94 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 95 • Styrke prioriteringa av helsetenester for mor etter fødsel.
96 • Gi alle nybakte mødrer tilbod om heimebesøk av jordmor og/eller helsesøster etter fødsel.
97 • Gi gravide gratis tannhelsetilbod i svangerskapsperioden og fram til og med uke seks etter
98 fødsel.
99 • Auka kunnskapen innan særlege utfordringar for minoritetskvinner i svangerskaps- fødsels-
100 og barselsomsorgen og jobba for målretta tiltak for å trygge den enkelte i møtet med norsk
101 helsevesen.
102

103 **Spesialisert rehabileteringstilbod**

104 Pasienter i spesialisert rehabiliteringstilbod er en sårbare gruppe som trenger fellesskapets støtte.
105 Vestland Arbeiderparti er opptatt av at pasienter som trenger spesialisert døgnbehandling får et
106 forsvarlig tilbod når de har behov for det. Pasientene trenger et rehabiliteringstilbod som er der for
107 dem over til, og der de møter et team av flere profesjoner av spesialister som kan gi den enkelte en
108 oppfølging som er tilpasset deres sammensatte diagnoser.

109

110 **Rusbehandling**

111 Rusavhengige er menneske som ofte sitter nedst ved bordet, om dei i det heile kjem inn i rommet.
112 Dette er menneske i vårt samfunn med ein sjukdom som avlar meir sjukdom. Rusavhengigheit fører
113 til store vanskar både for den det gjeld og for familien. Gode døgnbehandlingstilbod med
114 tilstrekkeleg kapasitet er av stor betydning, både samfunnsøkonomisk og personleg for dei det gjeld.

115 Regjeringa fjernet i 2023 ordninga med fritt behandlingsval, samtidig som man beholdt ordninga med
116 pasientanes rett til å velge behandlingsstad. Ordninga med fritt behandlingsval har i liten grad
117 oppnådd formålet om å få ned ventetidene eller gjort helsetjenesten mer effektiv. Samtidig har den
118 bidratt til å svekke de offentlige sykehusene. Dette var eit heilt rett grep slik at helseføretaka ikkje
119 blir tvungen til å betale for private tilbod når det allereie eksisterer eit offentleg tilbod. Med denne
120 endringa tar det offentlege tilbake styringa over eige budsjett. I kjølvatnet har fleire private og nokre
121 offentlege rusbehandlingstilbod vert stengd. Vestland Arbeidarparti forventar at regjeringa sikrar eit
122 trygt, tilgjengeleg og kompetent offentleg behandlingstilbod for rusavhengige slik at det etablerast
123 truverd i denne omlegginga.

124 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 125 • At avviklinga av godkjenningsordningen i fritt behandlingsvalg skal ikke medføre et dårligere
126 tilbud til pasientene
- 127 • Sikre god kapasitet i det offentlege rusbehandlingstilbodet
- 128 • Sikre at viktig kompetanse ikkje vert tapt i omlegging av rusbehandlingstilbodet

129

130

131

132 **R4 Ein bærekraftig klima- og miljøpolitikk**

133 **Grøn omstilling**

134 Arbeidarpartiet må i regjering og på Stortinget vise veg i det grøne skiftet. Gjennom Paris-avtalen har
135 Norge forplikta seg til betydelege kutt i klimagassutslepp. Klimaendringane er globale, men årsakene
136 og løysingane er lokale. Derfor skal klima vere ramma rundt all Arbeiderparti-politikk, også på
137 fylkesnivå.

138 Prosessindustrien i fylket må samarbeide med staten og fylkeskommunen for å utvikle miljøvenlege
139 produksjonsmetodar og sikre tilstrekkeleg fornybar energi. Elektrifisering av transport og industri
140 skapar eit behov for meir kraft, og utfordrar kapasiteten i straumnettet. Energikommisjonen meiner
141 Norge treng 40TWh ny fornybar energi innan 2030, men prisauke på innsatsfaktorar og krig i Europa
142 har pressa utbyggingsprisar og rentekostnader betydeleg opp, som skapar stor usikkerheit om
143 framtidig lønsemd. Vestland fylke har gått føre i omstillinga mot eit nullutslepssamfunn, men har
144 for små musklar i dette arbeidet.

145 For å nå Norge sine klimamål om å redusere utsleppa med minst 50% innan 2030 må prosjekt og
146 tiltak som bidreg til reduksjon i utslepp prioriterast. Samtidig må ein sørge for at det blir meir
147 positivitet til kraftutbygging. Vertskommunane for vasskraft må få meir att for den verdiskapinga
148 kraftproduksjonen og den planlagde effektaukinga står for. Konsesjonskrafta har i generasjonar vore
149 ein kompensasjon for avstått areal til kraftutbygging. Prinsippet om at denne kompensasjonen skal
150 ligge att i lokalsamfunna må stå ved lag også i framtida.

151 Fylket har mange urørte naturområde med stort biologisk mangfold. Kommunane som må ta det
152 største ansvaret for vern av natur, og må gjevast fleire virkemiddel for å take vare på naturarealer.
153 Vestland Arbeiderparti er forplikta til å verne om miljøet og jobbe for produksjon av energi med
154 minst mogeleg naturinngrep. Så langt det er råd, må me sikre at løysinga på klimakrisa ikkje
155 forsterker naturkrisa. Utbygging av ny kraftproduksjon i Vestland bør primært skje gjennom
156 oppgradering og effektivisering av eksisterande vasskraftverk og vindkraft på land, samt utbygging av
157 havvind og solenergi. Bruk av solenergi kan redusera behovet for nye kraftutbyggingar, senka
158 straumprisar og styrka lokal energiproduksjon, over heile landet.

159 Vestland Arbeidarparti vil:

- 160 • styrke Enova som verktøy i omstillingsarbeidet.
- 161 • arbeide for gunstige skattefordelar for næringsliv i omstilling.
- 162 • utvikle system og krav til forenkla klimarekneskap for bedrifter innan 2030, med tiltak for
163 bedrifter som fråviker nullutsleppsvisjon.
- 164 • styrke fylkeskommunane som utviklingsaktør i det grøne skiftet
- 165 • bygge ut fleire hurtigladestasjonar både i by og distrikt.
- 166 • styrke forskinga om omstillingsarbeidet, særleg Bjerknessenteret i Bergen med varig
167 finansiering
- 168 • ivareta naturmangfaldet på land og under havoverflata i omstillingsarbeidet.
- 169 • At gjenbruk av plast i størst mogeleg grad løysast lokalt
- 170 • gå vekk frå «Fyrstemann til mølla»-prinsippet for tildeling av kraft.
- 171 • prioritere prosjekt som reduserer utslepp og bidreg til å nå klimamåla.
- 172 • prioritere prosjekt med samlokalisering av industri og kraftproduksjon.
- 173 • sikre at nye prosjekt får tildelt kraft og plass i nettet basert på samfunnsøkonomiske og
174 miljømessige nyttevurderingar.
- 175 • at prosessindustrien i Vestland fylke må gjennom utbetring av kraftnettet og auka
176 produksjon av elektrisk kraft, skal sikrast nok fornybar energi til den grøne omstillinga.
- 177 • at lokalsamfunn som stiller sine naturressursar til disposisjon for utbygging av kraft skal ha
178 fortrinn som sikrar at ein får meir att i form av lokal verdiskaping og aktivitet.

- 179 • innføre eit påbod om å installera solfangarar eller solceller på alle nye bygg og ved
180 omfattande renovering av bygg. Påboden skal gjelda for offentlege bygg og næringsbygg med
181 grunnflate over 500 kvm. Gode statlege tilskotsordningar gjennom Enova er ein føresetnad.
182 • at staten må stimulera og invitera norsk industri til å vera med på å utvikla havets bevegelse
183 til energiproduksjon. Døme her er å skape energiproduksjon i ope hav basert på den
184 velkjente kompensator teknologien som oljebransjen nyttar seg av.
185 • At skattesystemet innrettast slik at det blir investert både i anlegg som gjev ny produksjon
186 og i effektanlegg som kan balansere uregulerbar vindkraft og elvekraft.

187
188 *Dissens: Komiteens mindretal, Oda Medhus, ønsker å legge til følgende brødtekst og kulepunkt:
189 Norge har lovfesta eit mål om å vera eit lavutsleppssamfunn i 2050. Det innebærer at så å seie alle
190 utslepp av klimagassar skal vera fjerna for godt. For Arbeiderpartiet er det ikkje eit alternativ å ikkje
191 nå klimamåla våre. Menneskeskapte klimaendringar og tap av natur er den mest alvorlege trusselen
192 mot livsgrunnlaget på jorda. Difor treng me ein rettferdig klimapolitikk som kuttar utslepp og skapar
193 jobbar på ein rettferdig måte.*

194
195 *For å lukkast med dette vil det vera sentralt dei komande åra å lukkast med ein varig omstilling til
196 nullutslepp i alle sektorar. Dette vil òg innebera petroleumsindustrien, som i dag står for 25% av det
197 norske klimaregnskapet. For å klare ein så omfattande omstilling i ein så stor sektor vil det vera
198 naudsynt å ha ein langsigktig plan, samstundes som ein ikkje utsetter å ta naudsynte grep.
199 Alle verdas land slutta seg til målet om ein omstilling frå fossil til fornybar energi på COP28 og stadig
200 fleire tar til ordet for å verna om dei mest sårbare områda på kloden. Dei norske områda i
201 Barentshavet er slike sårbare områder som merkar konsekvensane av klimaendringane sterkt og kor
202 potensiell forurensning eller stor opptrapping av petroleumsaktivitet vil kunne føra til større
203 konsekvenser for natur- og dyreliv enn andre plassar.*

204
205 *I dag er det petroleumsaktivitet i feltene Snøhvit, Goliat og Johan Castberg er under utbygging i
206 Barentshavet. Samtidig, når man har som mål å omstille seg til fornybart vil det være hensiktsmessig
207 å starte denne omstillingen akkurat i de nordligste områdene. Både på grunn av de store
208 konsekvensene mer petroleumsaktivitet kan medføre der, men også på grunn av de mange
209 mulighetene som finnes i områdene i og rundt Barentshavet for utvikling av produksjon av nye
210 fornybare energikilder.*

211
212 *For Arbeiderpartiet er det ikke et alternativ å ikke lykkes med den grønne omstillingen, derfor vil det
213 være viktig de neste årene å følge opp målene man har satt seg med politikk som fungerer. Det vil da
214 være viktig å sørge for at det investeres nok i utviklingen av fornybare energikilder og at dette er en
215 tydelig prioritering i Arbeiderpartiets statsbudsjetter.*

216
217 **Vestland Arbeiderparti vil:**

- 218 • At all petroleumsvirksomhet på norsk sokkel bør utfases innen 2050.
- 219 • At det ikke skal gis ytterligere tillatelser til leting og utvinning av olje i Barentshavet og bruke
220 forvaltningsplanen til å finne potensial for fornybar næringsvirksomhet.
- 221 • At det skal være en målsetning i statsbudsjett at det investeres mer midler i fornybare
222 energikilder enn i fossile

223
224 **Naturkrisa**

225 NRK har dokumentert at det forsvinn 17 kvadratmeter natur i minuttet. Utviklinga går i feil retning
226 for naturen, og over år vil dette gje alvorlege samfunnsproblem. Det hastar med å få på plass
227 kraftfulle tiltak for ein betre og meir heilskapleg samfunnsplanlegging.

228 Kommunane sin økonomi må ikkje vere til hinder for å kunne treffe riktige vedtak kring bl.a.:
229 nedbygging av myr, forvaltning av skog, vern av t.d. gammelskog og regnskog, raudlista artar og
230 naturtypar, også under havoverflata i kystsona, viktige kulturlandskap, handtering av overvatn,
231 opning av bekkar o.l. Det må difor sikrast meir statlege sørkbare midlar slik at kommunane i sitt
232 utviklingsarbeid kan treffe rette avgjerder, og sikre tilstrekkeleg kartleggingsarbeid når det kjem til
233 naturmangfald, klima og miljø. Kommunane må også sikrast nok kunnskap og
234 kartleggingskompetanse når det kjem til avgjerder kring bruk av natur til utvikling av fornybar energi,
235 marine verdiar og anna næring i sjø som t.d. oppdrett. Dette gjeld også beregning av karbonlagring
236 og opptak i vegetasjon under havoverflata.

237 **Vestland Arbeiderparti vil:**

- 238 • opprette ein ordning med eit Miljøombud for å styrke arbeidet med å bevare naturen for
239 framtida og sikre at ingen artar eller naturtypar går tapt.
- 240 • legge til rette for sektorovergripende forvaltning av natur som gjer oss i stand til å følge opp
241 målene i naturavtalen, og herrunder vurdere å tilbakeføre ansvaret for plan- og
242 bygningsloven frå Kommunal- og distriktsdepartementet til Klima- og miljødepartementet.
- 243 • sikra meir statlege midlar inn i kommunane sitt kartleggingsarbeid knytt til naturmangfald,
244 miljø og klima.
- 245 • arbeide for eit betre naturrekneskap, for å sikre naturvern av sårbare områder.
- 246 • arbeide for at fleire kommunale arealplanar er arealnøytrale
- 247 • gje kommunane fleire verkemiddel enn dei har i dag for å bevare naturareal.
- 248 • begrense hyttefelt som krev enorme naturressursar.
- 249 • føre ein aktiv politikk for meir vern etter naturmangfoldloven
- 250 • styrka naturens rettssikkerhet.
- 251 • arbeide for å etablere eit internasjonalt havmiljøfond.
- 252 • at utmarkseigendommane som forvaltast av Opplysningsvesenets fond skal overførast til
253 Statskog for å sikre ein heilheitleg forvaltning av statens utmarkseiendommer som bygger på
254 kompetanse på natur- og viltforvaltning og garanterer allmennhetens tilgang til jakt, fiske og
255 friluftsliv.
- 256 • legge til grunn for all transportplanlegging og utbygging at mobiliteten i 2050 er utan utslepp
257 og utan større arealbeslag enn i dag. Transportetatane sitt ansvar for å følge dette opp må
258 forankrast i lovgjevinga.

259
260

261

262 **R5 Energi**

263 **Energipolitisk uttale**

264 Å sikre en stabil og forutsigbar strømpris er sett på som viktig for både husholdningene og industrien

265 Tempoet i det grøne energiskiftet aukar og er eit resultat av at verden ynskjer at fornybar energi skal
266 erstatte fossil. Parisavtala som Norge har signert, er juridisk bindande og forpliktar medlemslanda å
267 hindre temperaturstigning over 2 grader. I dag er om lag 47 prosent av energien vi brukar fossil.
268 Tiltaket er å kutte utslepp av klimagassar og ambisjonen til Norge er å kutte 55 prosent av utsleppa
269 innan 2030.

270 Denne målsettinga er både ambisiøs og krevjande, særleg sidan Norge alt i dag har stort innslag av
271 fornybar energi med mykje vasskraft og etter kvart vindkraft på land. Meir utbygging av fornybar
272 kraft vil bety nye teknologiske løysingar med høgare kostnad og nedbygging av natur. Dette vil
273 utfordre både naturinteressene og kraftprisen vi er vande med i Norge.

274 Skal vi lukkast med å dekke behovet for ny fornybar kraft må vi gjere mange tiltak. Det siste tiltaket vi
275 gjer vil også vere det dyraste og utfordre naturinteressene mest. Energiøkonomisering må vere
276 førsteprioritet, den skånar for nye naturinngrep, men også her vil kvar kilowatt time bli dyrare for
277 kvart tiltak vi gjer. Vel vi dei dyraste løysingane vil også energiprisen bli høg.

278 Om vi skal få til meir utbygging av fornybar kraft, må tilliten til prosessane styrkast. Handsaming etter
279 Plan- og bygningslova vil sikre naturomsyn og demokratisk deltaking. Vertskommunen må også sjå at
280 ein får noko att for å vere vertskap for utbygging. Då vasskraft vart bygd sikra ein både inntekter og
281 kraft til distrikts-Noreg.

282 Ein straumpris som både næring og privatpersonar kan leve med er eit uttrykt mål i Arbeiderpartiet
283 sin energipolitikk. Rein fornybar kraft skal vere eit fellesskapsgode og eit konkurransefortrinn med
284 utlandet. Dette vil igjen trekke utanlandske investeringar til landet, ofte kraftkrevjande industri som
285 igjen aukar behovet for meir kraft.

286 Norge er tett knytt til Europa gjennom handelsavtalar. Straum er også ei vare som flyt mellom landa.
287 Utan straumkabler til våre naboland ville Norge måtte bygge om lag 40 twh for å sikre seg mot år
288 med lite nedbør. Ap meiner det framleis skal vere straumutveksling mellom land, men ambisjonen
289 vår er ikkje europeiske kraftprisar. Kraft skal vere eit konkurransefortrinn og kraft skal vere ei vare
290 som folk har råd til.

291

292 **Politisk kontroll**

293 Krafta i Norge er fellesskapet sin ressurs og skal også for framtida i hovudsak vere i offentleg eige.
294 Eigarskapet skal sikre at ressursen blir tilgjengeleg både i form av pris og eit nett som når ut til heile
295 landet.

296 Det er positivt at norske eigarar, særleg med innslag av offentleg eigarskap, viser interesse for
297 vindkraft på land. Arbeiderpartiet vil at fellesskapsressursen i størst mogleg grad skal vere eigmælt av
298 offentlege selskap. Dette gir utbygging av nye ressursar meir legitimitet. Vestland Ap meiner at også
299 statlege som Petoro bør ta ei meir aktiv rolle i å realisere meir fornybar energi.

300 Utanlandskabler er positivt for å sikre nok straum når det er knapt i Norge. Men prissmitte er ei
301 utfordring dersom vi skal sikre konkurransedyktige prisar til industrien og ei straumrekning til å leve
302 med for innbyggjarane våre. Difor meiner Vestland Ap at det var rett å stanse vidare arbeid med
303 Northconnect-kabelen mellom Norge og Skottland.

304 **Vestland Ap vil:**

- 305 • Sikre at kraftpris vert eit konkurransefortrinn i Norge ved å tilby næringslivet
306 langsigktige kraftavtalar
307 • Ha instrument som vil sikre innbyggjarane mot store utslag på straumrekninga til
308 dømes vidareføring av ein modifisert staumstøtteordning
309 • Utgreie handlingsrommet for mellomlandsforbindelsar innanfor EØS-avtala

310

311 Verdiskaping må ligge att i kommunane

312 Utbygging av ny fornybar kraft er tidvis konfliktfullt. Klima står ofte imot omsynet til naturvern.
313 Særleg har vindkraftturbinar skapt steile frontar om kor mykje natur ein skal ofre av omsynet til
314 klimakrisa. Dette har resultert i at kommunane har fått vetoret gjennom endring i plan- og
315 bygningslova i spørsmålet om bygging av nye vindkraftparkar.

316 Lokal sjølvråderett i spørsmålet om vindkraftanlegg har vore konfliktdempande i striden om
317 etablering av ny kraft versus naturvern. Likevel er det viktig at det vert lagt intensiv til kommunane
318 for å ofre natur til kraftutbygging. Vasskraftregimet har vore omtykt og gir kommunane både
319 eigedomsskatt og konsesjonskraft. I tillegg har utbygging av fossefalla vore motivert av tilgang til
320 lokale arbeidsplassar. Det betyr både inntekter og lokal tilgang til delar av kraftproduksjonen.
321 Regimet rundt vindkraft har og blitt betre med produksjonsavgift i tillegg til eigedomsskatt.

322 Men det er framleis manglande ordningar for korleis ein til dømes skal få bygd ut større effektanlegg
323 som pumpekraftverk. Situasjonen i dag er at kommunane vil miste inntekter ved å tillate slike anlegg.
324 Dette må endrast om ein skal få til meir produksjon.

325 **Vestland Ap meiner derfor at:**

- 326 • Kommunane må sikrast ein større del av inntektene i byte natur. Særleg må regelverket inn
327 mot nye energiformer som pumpekraftverk og liknande etablerast.
328 • Lokale initiativ for å sikre straum til nær-industri må prioriterast

329

330 Meir fornybar kraft

331 Norge må bygge ut betydeleg meir fornybar kraft dersom vi skal få ned bruken av fossile
332 energikjelder. Det er og heilt naudsynt å produsere meir kraft dersom det er eit mål om å halde
333 kraftprisen nede. For å oppnå dette må vi sjå etter mange løysingar. Energiøkonomisering er det
334 viktigaste tiltaket, det er rimeleg, det skånar naturinngrep og forbrukar mindre byggemateriale. Vi
335 må også satse på vasskraft, vindkraft, solenergi, jordvarme og andre energikjelder som til saman kan
336 gje nok straum til ein fornuftig pris og til ein mest skånsam måte.

337 Atomkraft er lite nytta i Norge, med unntak av importert kraft. Fleire tek til orde for at dette må vi
338 satse på, den er fri for klimagassutslepp og fotavtrykket er vesentleg mindre enn frå vind- og
339 vasskraft. Ankepunktet er at atomkraft ikkje vil løyse energikrisa fram mot 2030, den har radioaktivt
340 avfall og den blir neppe billig. Det er liten grunn til å tru at norsk atomkraft vil vere rimelegare enn
341 den europeiske.

342 Norge har lang erfaring i å nytte havområdet til både matauk og energiutbygging. Olje- og
343 gassindustrien har levd side om side med fiskeria sidan Ekofisk i 1969. Havområda har enormt
344 potensiale for havvind utan at ein permanent bygger ned natur. Vestland Arbeidarparti ser stort
345 potensiale for både botnfast og flytande havvind både for å hente ut ny energi og bygge ei ny norsk
346 industrinæring. Det vil og vere naturleg at energiselskapa på sokkelen har eit ansvar for å realisere
347 dette raskt, gjerne i kombinasjon med elektrifisering av olje- og gassproduksjonen.

348 Det er også viktig at vi gjer lokale tiltak for å auke kraftproduksjonen. Enklare deling av lokal
349 produksjon innan til dømes eit industriområde, kan vere med på å stimulere til «handling lokalt» for

350 oppnå med enøk og ny kraft. I dette bildet må staten stille opp med nytt regelverk og ei storstilt
351 satsing på tilskot som kan utløse ny produksjon eller sjølvforsyning. Dette vil igjen minke behovet
352 for nye kraftlinjer.

353 **Vestland Ap meiner:**

- 354 • Ein må bygge betydeleg med ny fornybar kraft for å nå klimamåla og behovet for nok kraft.
355 • Er open for å vurdere om kjernekraft som ein del av den langsigte energimiksen, og er
356 positiv til ei nøytral utgreiing om kjernekraft i Noreg
357 • Vil ha ei kraftfull satsing på havvind med sterke insentiv for at oljeselskap tek ansvar for
358 elektrifisering av sokkelen.
359 • Auke satsinga på Enova-tilskot både for energiøkonomiseringa sin del, men også stimulere til
360 lokal produksjon.

361

362 **Kraftfullt nett**

363 I dag er Norge delt opp i fem prisområde som gir store forskjellar i prisen på straum. Hovudårsaken til
364 ulikskapen er dårlig overføringskapasitet mellom landsdelane. Særleg er sørlege dalar utsett for
365 høge prisar blant anna på grunn av utanlandskablane i området.

366 I delar av landet fører for liten nettkapasitet til at etablert industri ikkje får utvikle seg og nye initiativ
367 blir skrinlagt. Med eit stort behov for å bygge ut meir kraft i tillegg til at fossil næring skal bli grøn
368 næring, er det behov for enorme investeringar i nytt og meir nett.

369 Med gode rammeføresetnad, rein fornybar kraft og ein relativt låg kraftpris er Norge eit ynda land
370 for å bygge kraftkrevjande industri. Dette skaper ytterlegare press på tilgjengeleg straum og behov
371 for nye kraftlinjer. Det gjev også ei utfordring kor ein må prioritere kven som får og ikkje får.

372 Statnett er den som tildeler straum. Skal vi ha politisk styring med kraftressursane må det kome
373 tydelege politiske prioriteringskriterier til Statnett. I dag er det førstemann til mølla. Med billig grøn
374 kraft vil behovet for meir kraft vere tilnærma uendeleig. Difor må vi utarbeide retningsliner for
375 prioriteringar.

376 **Vestland Ap vil:**

- 377 • Bygge eit transmisjonsnett som minkar forskjellane mellom prisområda
378 • Gje Statnett prioriteringsinstruks. Eksisterande industri må sikrast.
379 • Sei tydeleg nei til utvinning av kryptovaluta.

380

381

382

383

384 **R6 Næring og landbruk:**

385 **Næring**

386 Arbeid til alle er jobb nummer éin og vår viktigaste oppgåve. Skal vi lukkast med den, må vi utvikle
387 våre eksisterande næringar og legge grunnlaget for nytt næringsliv og ny industri i heile fylket.

388 Det grøne skiftet og krav om kutt i klimautslepp krev nye løysingar. Næringslivet i vår region har synt
389 at dei på mange område er verdsleiane og evnar å utvikle ny teknologi som kan møte utfordringane
390 i framtida.

391 Skal Norge lukkast med det grøne skiftet og omlegginga til eit samfunn med 0-utslepp må Vestland
392 lukkast. Dei grøne hubane i Vestland må utviklast vidare og det må leggast til rette for at den
393 eksisterande industrien skal lukkast med omstillinga. For å få til dette er det viktig at samarbeidet
394 mellom styresmaktene og næringa er god, slik at ein får innretta rammevilkår på ein effektiv,
395 føreseieleg og god måte.

396 Det er viktig at verkemiddelapparatet til næringsfremål er rigga på ein slik måte at det dekkar både
397 eksisterande og nye næringskjeder. Grønt Industriløft 2.0 som regjeringa la fram hausten 2023 er ein
398 god start som svarar på mange av dei utfordringane me står overfor. Men det er viktig at ein utviklar
399 og utvidar denne satsinga, både med fleire midlar og ved å ta inn nye næringar i ordninga.

400 Skal me få til ny teknologi og ny industri med gode løysingar for det grøne skiftet, må
401 verkemiddelapparatet som Innovasjon Norge, Forskningsrådet, Enova, Nysnø og Investinor fungera
402 betre og samordnast betre med verkemidla som er tilgjengelege innan EU.

403 **Vestland Ap vil:**

- 404 • føre ein aktiv næringspolitikk, som legg til rette for eit nyskapande, kunnskapsbasert og
405 klimavenleg næringsliv.
- 406 • satse på dei unge ved å betre lærlingordninga og fagutdanninga. Industriproduksjon vil i
407 framtida vere kunnskapsbasert og vil stille krav til kontinuerleg etter- og vidareutdanning.
- 408 • ha konkurransedyktige rammevilkår som gjer det attraktivt å investere i norsk industri.
- 409 • auke bevillingane til Grønt Industriløft 2.0.
- 410 • utvide Grønt Industriløft 2.0 med fleire næringar.
- 411 • ha fokus på forvaltning av energiressursane slik at det i framtida vil vere grunnlag for
412 industriproduksjon i landet.
- 413 •

414 **Landbruk**

415 Vi treng eit sterkt vestlandslandbruk som produserer trygg og god mat. Dette er viktig for
416 mattrøyggleik, sjølvberging og berekraft. Landbruket gir arbeidsplassar i heile fylket og grunnlag for ei
417 rekke arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien i distrikta. Frukt- og bærdyrking vil vere eit
418 satsingsområde for vår region fordi vi blir rekna for å vere Norge sin frukthage. Vestlandsskogbruket
419 er viktig for lokal verdiskaping og det grøne skiftet. Det må bli meir lønnsomt å produsere mat.

420 Sjølvforsyninggraden må opp til 50%. Me må legge til rette for auka planteproduksjon, både til mat og
421 fôr. Det største potensialet for auka sjølvforsyninggraden er å produsere meir norsk matkorn av
422 kvalitet. Mykje av kornet me produserer i Norge, går til dyrefôr. Meir og betre kornproduksjon vil
423 redusere importbehovet.

424 **Vestland Ap vil**

- 425 • Sikre vestlandsbonden gode rammevilkår og legge til rette for nye samarbeidsformer som
426 kan gi rekruttering og optimisme i jord- og skogbruksnæringa.

- Auke sjølvforsyningsgrada til 50%.
 - Styrke lønnsemda for produksjon av jordbruksprodukt i Norge.
 - Sikre importvernet for norsk jordbruk.
 - Legge til rette for auka produksjon av matkorn.
- 431
- 432
- 433

434 **R7 Skatt og avgift**

435 For at skattesystemet vårt skal oppretthalda høg tillit og oppslutning i befolkninga, må
436 skattesystemet vårt utformast på ein rettvis måte der dei ulike skattane, og konsekvensane av desse,
437 vert opplevt som rettmessige. Det er viktig med eit føreseieleg skattetrykk og gode, legitime
438 prosessar ved innføring eller endring av skattereglane.

439 Utforminga av skattesystemet er eit av dei viktigaste verktøya for å styre samfunnsutviklinga vår. I ei
440 tid med aukande forskjellar, omstilling knytt til det grøne skiftet, og eit aukande kraftunderskot, er
441 det derfor viktig at skattesystemet gjev tydelege retningsliner og insentiv for den vidare
442 samfunnsutviklinga.

443 **Vestland Arbeidarparti vil derfor jobba for følgjande innom skattesystemet:**

- 444 • Formuesskatt:
 - 445 • Botnfrådraget blir bevart som i dag.
 - 446 • Sekundærbusadar vert verdsett til marknadspris.
 - 447 • Formuesverdi for aksjar og næringseigedom vert verdsett til 80% av marknadsverdi.
- 448 • Inntektsskatt
 - 449 • Marginalskatt for lønnsinntekt skal ikkje overstiga 50%.
- 450 • Stimulering av sirkulærøkonomi mot det grøne skiftet:
 - 451 • Utgreie mogleheter for etablering av panteordningar for nye varegrupper.
- 452 • Utjamning av forskjellar
 - 453 • Utgreie skattefrådrag for husleigeutgifter på lik linje med renteutgifter.
- 454 • Eigedomsskatt
 - 455 • Makstak for eigedomsskattegrunnlag for kraftanlegg ref. Eigedomsskattelova §8 B-1
456 fjerde ledd, vert fjerna.
 - 457 • Grunnrenteskatt skal ikkje komma til frådrag i eigedomsskattegrunnlaget for
458 kraftanlegg jf. Skattelova § 18-5.

459

460

461

462 **R8 Kommuneøkonomi**

463 **Inntektssystemet**

464 Inntektssystemutvalet har i den pågående revisjonen av inntektssystemet for kommunane, fremja ei
465 rekke forslag til endringar innom inntektsutjamninga og utgiftsutjamninga mellom kommunane. Det
466 er viktig at arbeidet med revisjonen skapar eit omfordelande inntektssystem, som sikrar at alle
467 kommunar kan gi eit tilfredsstillande tenestetilbod for sine innbyggjarar, som samtidig er tilpassa dei
468 ulike kommunanenes føresetnadar og behov.

469 Inntektssystemet må ta omsyn til dei reelle kostnadane for tenestetilboden som vert ytt av
470 kommunane. I åra framover vil kommune-Noreg oppleva auka kostnadar knytt til ein stadig eldre
471 befolkning, noko som for dei råka kommunane både vil føra til redusert skatteinngang og auka behov
472 innom helse og omsorgstenestene. Vestland Arbeidarparti vil derfor peika på viktigeita av at
473 kommunesektoren er tilstrekkeleg finansiert og at det i samband med arbeidet om inntektssystemet
474 vert avdekka underfinansierte statleg initierte reformar.

475 Inntektssystemutvalet legg i sitt forslag fram at inntekter til vertskommunar knytt til kraftanlegg og
476 havbruk bør inngå i inntektsutjamninga mellom kommunane. I ei tid med aukande kraftmangel, og
477 eit stort behov for auka kraft- og effektutbygging. Vil ei slik endring i føresetnadane for
478 kraftutbygging ha svært negativ effekt for vertskommunanes insentiv for å tillata vidare utbygging og
479 utvikling av kraftanlegg. Dette vil igjen kunne forsinka det grøne skiftet og den storstilte omstillinga
480 norsk fastlandsøkonomi står framføre. Dei grunnleggjande prinsippa for kompensasjon til
481 vertskommunane må derfor oppretthaldast som i dag.

482 **Vestland Arbeidarparti vil arbeida for:**

- eit omfordelande inntektssystem som tek omsyn til ulike kommunar sine føresetnadar og behov.
- ein tilstrekkeleg finansiert kommuneøkonomi.
- kompensasjon til vertskommunar for naturinngrep knytt til kraftanlegg og havbruk må ligge fast som i dag.

488

489 **Kommunale gebyr vatn og avløp**

490 Utbygging og vedlikehald for vatn og avlaupsanlegg(VA) vert finansiert ut frå eit sjølvkostprinsipp, der
491 kostnadane vert betalt via kommunale gebyr av innbyggjarane i den gjeldande kommune. Det totale
492 VA-eterslepet i Noreg er berekna til ca. 400 milliardar kroner. Noko av dette er grunna auka krav til
493 tryggleik samt pålegg frå EU-direktiv, medan andre delar av etterslepet er grunna utsetting av
494 vedlikehald av anlegg i kommunane.

495 Statlege støtteordningar til VA vil vera å flytte finansiering frå den enskilde kommune til staten. Dette
496 vil igjen føra til at innbyggjarar i kommunar som allereie har gjort investeringar og over tid har hatt
497 høgare VA-avgifter enn innbyggjarar i kommunar som har skyvd på investeringane, indirekte må vera
498 med å betala for støtteordningane. Samstundes er det viktig å peike på at auka kostnadar knytt til
499 strengare pålegg frå EU-direktiv, råkar kommunane ulikt.

500 **Vestland Arbeidarparti vil derfor:**

- arbeida for at det vert gjennomført ei utgreining for støtteordningar knytt til auka kostnadar grunna pålegg i det kommande EU-direktivet om vann og avløp.
- vurdere støtteordninger, eksempelvis rentefrie lån, for store VA-investeringar

504

505

506 **R9 Havbruk**

507 Havbruksnæringa har dei siste 50 åra gått frå å vera ei attåtnæring for fiskarbønder til å bli Noregs
508 nest største eksportnæring. Veksten i næringa har skapt nye arbeidsplassar, høge skatteinntekter og
509 næringsutvikling i lokalsamfunna. Samstundes har næringa og den store veksten skapt store
510 utfordringar knytt til lakselus, fiskehelse, rømming og utslepp.

511 Vestland Arbeidarparti skal vera ein pådrivar for ei framtidssretta næring, som legg til rette for
512 berekraftig vekst kombinert med sterk reduksjon av miljøavtrykk for fjordane og kysten vår. For å få
513 til dette, må det leggjast til rette for tydelege insentivordningar som stimulerer næringa til å gå frå
514 tradisjonelle opne merdar, til teknologiske løysingar med eit lågare miljøavtrykk, som til dømes lukka
515 eller semi-lukka anlegg.

516 6. mars 2024 vart statusen til produksjonsområda for dei neste to åra i trafikklyssystemet
517 offentleggjort. Produksjonsområda 3(PO3, Karmøy til Sotra) og 4 (PO4, Nordhordland til Stadt), som
518 ligg i Vestland fylke, er i dag dei einaste produksjonsområda som har raud status.
519 Produksjonsområde med raud status kan få pålegg om å redusera sin produksjonskapasitet med 6
520 prosent. For PO3, som for andre gang får redusert produksjonskapasitet, er produksjonskapasiteten
521 derfor totalt redusert med 12%, medan for PO4, som for tredje gang får redusert
522 produksjonskapasitet, vert produksjonskapasiteten redusert med totalt 18%.

523 *Dissens: Komiteens mindretall, Rune, Kine, Henrik, Linda, Ingvild, ønsker å stryke følgende avsnitt:*

524 *Nedtrekk i produksjon har alvorlege konsekvensar for arbeidsplassar både direkte og indirekte i
525 næringa. Den rammar også mange mindre samfunn hardt og små lokale selskap hardare enn dei
526 store som kan flytte produksjon. Difor må regelverket i trafikklyssystemet vere føreseileg. Sidan 2017
527 har lusetaket gått ned med 42 prosent og faginstansane vurderte området som gult, med andre ord
528 har tiltaka bransjen har gjort hatt positiv effekt. Samstundes med at ny stortingsmelding om
529 trafikklyssystemet er på trappene meiner Vestland Ap at nedtrekket blir sett på vent.*

530 For å sørga for ei betring av miljøavtrykket vil Vestland Arbeidarparti arbeida for eit pilotprosjekt for
531 bruk av teknologiske løysingar som semi-lukka og lukka anlegg i sjø. Pilotprosjektet må knyttast mot
532 Havforskningsinstituttet i Bergen, som ein uavhengig forskingsaktør. Prosjektet må vidare gje tydelege
533 insentiv for næringa til å gå over til teknologiske løysingar som vert målt etter berekraftmål innom
534 lakselus, fiskehelse, rømming og utslepp. Slike insentiv kan for eksempel vera
535 miljøfleksibilitetsordningar, der havbruk med tilfredsstillande teknologiske løysingar får tillating til
536 auka total MTB ved anlegga.

537 **Vestland Arbeidarparti vil arbeida for:**

- 538 • Berekraftig vekst innom havbruksnæringa i Vestland
- 539 • Etablering av pilotprosjekt for berekraftige teknologiske løysingar innom produksjonsområde
540 3 og 4.
- 541 • Lågare miljøavtrykk for havbruk,

542
543

544

545 **R10 Gruvedrift**

546 For at verden skal gjennomføra det grøne skiftet er det eit stadig større behov for tilgang på ulike
547 råmateriale. Råmateriale som vert nytta til mellom anna mobiltelefonar, datamaskinar, vindturbinar,
548 elbilar og solceller. Samstundes er verdikjedene i verdssamfunnet sårbare og under stort press, noko
549 konsekvensane av Russlands krigserklæring mot Ukraina var ei påminning om. Det er derfor av stor
550 betydning at Noreg og allierte land sikrar trygge verdikjeder for sjeldne metall og råmateriale, og
551 aukar sjølvforsyninggraden av desse. Dette vil krevje auka gruvedrift, også i Noreg.

552 Samstundes vil gruvedrift både på land og til havs innebera til dels store naturinngrep. Naturinngrep
553 som mange stadar vil vera irreversible. Det er derfor viktig at utvida gruvedrift vert gjort på grunnlag
554 av gode konsesjonsprosessar og grundige konsekvensutreilingar. Eventuell etablering av gruvedrift
555 på havbotnen må gå føre seg med stor grad av forsiktigkeit og må vera forankra i eit tilstrekkeleg
556 kunnskapsgrunnlag. Norge bør støtte opp om og fronte ein internasjonal innsats for å skaffe nok
557 kunnskap til å evaluere effektane av ein slik industri på miljø og biomangfold i havene.
558 Kunnskapsinnhentinga bør skje hjå uavhengige forskningsmiljø, og ikke hjå private selskap med
559 interesser i gruvedrift på havbotnen.

560 **Vestland Arbeidarparti vil arbeida for:**

- 561 • Grundige konsekvensutreilingar ved etablering eller utviding av gruveområde
562 • At utilstrekkeleg kunnskap om miljøeffektar skal føre til at prosjekt settes på pause eller
563 leggjast bort
564 • Auka støtte til uavhengige forskingsmiljø for forsking på gruvedrift på havbotnen

565

566

567 **R11 Føreseieleg og effektiv CO2-kompensasjon**

568 Årsmøtet i Vestland Arbeidarparti er særslig nögde med semja mellom regjeringa og partane om ein
569 føreseieleg og effektiv CO2-kompensasjon. Forslaget sikrar at det no kjem på plass ei CO2-
570 kompensasjonsordning, som gir industrien føreseielege rammevilkår, og eit effektivt vern mot CO2-
571 prissmitte i kraftprisen.

572 Det er og svært gledeleg at 40% av kompensasjonen bedriftene får skal nyttast til klima- og miljøtiltak
573 i Norge. Dette sikrar store investeringar i norsk industri samtidig som det bidrar til reduserte utslepp
574 og energieffektivisering.

575 CO2-kompensasjonsordninga er avgjerande for å sikre like konkurransevilkår for norsk industri. Sjølv
576 om norske industribedrifter bruker 100 % fornybar kraft, vert kraftprisen påverka av CO2-prissmitte
577 frå Europa. Det gjer at krafta vert vesentleg dyrare enn den elles ville vore.

578 Ifølge Statnett vil europeiske CO2-prisar om få år utgjere 40 % av norsk kraftpris. NVE seier at
579 europeiske CO2-prisar, saman med eit svekka norsk kraftoverskot, er dei viktigaste årsakene til at
580 kraftprisen vil auke i Norge fram mot 2030.

581 Vestland Arbeidarparti vil gje honnør til regjeringa og klima- og miljøminister Andreas Bjelland
582 Eriksen for prosessen i etterkant av framlegginga av statsbudsjettet. Me har lang tradisjon for
583 samarbeid mellom partane i arbeidslivet i kompliserte saker, som t.d. saker som omhandlar
584 rammevilkår. Det er difor ekstra gledeleg at dialogen mellom regjeringa og Industri Energi & FLT,
585 Fellesforbundet og Norsk Industri førte til ei semje som alle kan stille seg bak. Det er slik
586 Arbeiderpartiet skal drive fram politiske løysingar i denne type saker.

587 Denne semja bidreg og til å understreke noko av det viktigaste i politikken til Arbeidarpartiet. Me må
588 skape for å dele! Med trygg økonomisk styring, føreseielege rammevilkår og ein aktiv næringspolitikk,
589 legg me grunnlaget for at næringslivet kan auke verdiskapinga i heile landet.

590 Vestland Arbeidarparti forventar no at dei andre partia på Stortinget sluttar seg til dette forslaget frå
591 regjeringa og partane i arbeidslivet.

592

593 **R12: OPPVEKST OG KOMPETANSE**

594 Arbeiderpartiet har som mål at alle barn skal kunne leike, lære og utvikle seg i trygge omgjevnader.
595 Barnehage, skule og SFO er viktige fellesarenaer som må vere tilgjengelege for alle barn på lik linje
596 med kulturtilbod, idrett og andre fritidsaktivitetar. Derfor må fellesskapet ha gode tilbud til alle barn
597 og unge, også dei som behov for ekstra hjelp og støtte.

598 Mange barn veks opp i familiar med utfordringar. Fellesskapet skal stille opp for familiar og barn som
599 treng det. Det er også viktig med tiltak for å stimulere til at fleire vel å få barn.

600 **Barnehage**

601 Bemanninga i barnehagen må vere tilstrekkeleg for å sikre pedagogisk kvalitet. I dag er
602 minimumsnorm at barnehagen skal ha minst ein tilsett per tre barn når barna er under tre år, og ein
603 tilsett per seks barn når barna er over tre år. Grunnbemanninga må gjelde for heile opningstida.

604 Barnehagelova seier at alle born skal ha eit godt psykososialt miljø. For å sikre at alle born får det,
605 trengs det nok personale som er observante og til stades heile dagen.

606 For få vaksne fører ofte til at pedagogane ikkje får nytta den avtalefesta plantida si. Plantida til
607 barnehagelærarane vert brukt til planlegging, dokumentasjon, vurdering og utvikling av arbeidet i
608 barnegruppa. Pedagogane må få tid til å utføre sine oppgåver utan at det går ut over
609 bemanningstettleiken.

610 Det er viktig å sikre at tilsettei barnehagen får moglegheit til vidareutdanning gjennom vikar- eller
611 stipendordning. Når desse er i etter- eller vidareutdanning må ein sikre at ein opprettheld tal tilsette
612 som har direkte kontakt med barna i barnehagen.

613 **Skole- og utdanning**

614 Det er grunnskulen, den vidaregåande skulen og høgare akademisk- og yrkesfagleg utdanninga som
615 er grunnmuren for kompetanse i Noreg, men i ei verd som er i stadig endring og kor arbeidstakarane
616 kanskje må skifte jobb fleire gonger i livet, må vi også gje mogelegheita til å lære heile livet ved å ta
617 etter- og vidareutdanning i kombinasjon med arbeid. Med nye digitale læringsressursar og kunstig
618 intelligens er det også nødvendig å sjå på om dagens vurderings- og eksamsordningar må endrast.

619 Mangel på kvalifisert personell blir ei svært stor utfordring i heile kommune-Noreg i tiåra framover.
620 Vi lyt heile tida jakta nye løysingar på korleis vi skal oppretthalda tenestetilbod og løysa oppgåver.
621 Ved å setje fagarbeidaren høgt og sikra kvalifisering av folk inn i arbeidslivet, tek Arbeidarpartiet
622 ansvar for velferdsstaten og fellesskapet. Kommunane må ta sitt ansvar for å sikra nok kvalifisert
623 arbeidskraft slik privat næringsliv gjer i sine bransjar, og slik til dømes Kvinnherad og Alver kommunar
624 har gjort. Her har partane i arbeidslivet ei viktig rolle.

625 Dei vidaregåande skulane er viktige regionale utviklingsaktørar, og legg grunnlaget for vekst og
626 utvikling i heile regionen. Ein desentralisert skulestruktur og et variert programtilbod i samarbeid
627 med lokalt næringsliv og kommunar kan bidra til å sikre kompetanse og utvikling for framtida.

628 **Ein betre kvardag for studentar**

629 Vestland Arbeidarparti menier det er eit grunnleggande prinsipp at alle skal ha like moglegheiter til å
630 ta høgare utdanning. Vi menier studentars moglegheit til å ta utdanning ikkje skal begrenses av dårlig
631 økonomi. Vårt mål er å sikre at alle studenter, uavhengig av livssituasjon og bakgrunn, har rettferdig
632 og lik tilgang til høgare utdanning. Eit avgjerande verktøy for å sikre dette er studiestøtta.

633 Vestland Arbeidarparti viser til at Arbeiderpartiet gjennom heile si tid i regjering har auka
634 studiestøtta. Årets auke på 10% er den største auka på svært lang tid, og Vestland Arbeidarparti
635 meiner det har vore ein nødvendigheit. For å sikre studentars økonomiske tryggleik mener Vestland

636 Arbeidarparti at det er på tide å knytte studiestøtta til årleg justering gjennom å vere knytt til
637 grunnbeløpet i folketrygda, G, og at studiestøtta aukar ytterlegare.

638

639 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 640 • sikre og fullfinansiere ei endring i barnehagelova slik at bemanningsnorma i barnehage gjeld
641 for heile opningstida.
- 642 • Sikre eit godt vidaregåande opplæringstilbod for elevane i alle delar av fylket. Dette inneber
643 ein berekraftig balanse mellom ein desentralisert skulemodell og eit variert programtilbod
- 644 • nye digitale læringsressursar og kunstig intelligens gjer det nødvendig å sjå på om dagens
645 vurderings- og eksamensordningar må endrast.
- 646 • Arbeide mot kommunane for å sikre fleire lærepllassar i offentleg sektor, særleg innanfor
647 velferdsyrka, og at det er samsvar mellom tilgjengelege lærepllassar og skuleplassar. Det skal
648 ta festast eit minimum på 3 kommunale lærlingar per 1000 innbyggjar i kommunane og
649 fylkeskommunane.
- 650 • Arbeide for å styrke ordninga fagbrev på jobb og utvikle modellar for modulstrukturert
651 opplæring for vaksne.
- 652 • Arbeide for at fleire fagarbeidarar kan ta bachelor- og masterutdanning gjennom Y-vegen.
653 Dette gjeld særleg innan barnehagefag, helsefag og tekniske fag.
- 654 • Knytte justering av på studiestøtta til grunnbeløpet i folketrygda.
- 655 • Auke studiestøtta ytterlegare til 1,5 G.

656

657

658

659 **R13 KULTUR**

660 Vestland har eit breitt og mangfaldig kulturliv, og uavhengig av kor ein bur skal alle ha eit godt kultur-
661 og idrettstilbod. Vestland er også ein viktig region for språkmangfold, mellom anna med sterke
662 nynorsktradisjonar og som heim til fleire dyktige forfattarar. Vi har eit nasjonalt ansvar for å styrke
663 nynorsken sin posisjon i Norge.

664 Bergen er motoren til kulturlivet i Vestland og den einaste byen som kan konkurrere om å vere den
665 andre kulturbyen i Norge etter Oslo. Bergen skal vere det andre kulturelle hovudpunktet i Norge,
666 med blikket retta utover landegrensene våre. Skal ein få til dette må blant anna skeivfordelingen av
667 kulturmiddlar jamnast ut og Bergen få sin rettmessige del.

668 **Vestland Arbeidarparti vil:**

- 669 • Arbeide for å etablere besøkssenter for nobelprisvinnar Jon Fosse i Strandebarm i Kvam
- 670 • Arbeide for å styrke dei store kulturinstitusjonane i Bergen frem mot Kulturbyåret 2036.
- 671 • Arbeide for at regjeringa prioriterer viktige kulturinstitusjonar utanfor hovudstaden i
672 kommande budsjett blant desse Kode, Bergen Filharmoniske Orkester og Bergen Nasjonale
673 Opera.
- 674 • At brot på forskrifta om målform i eksamensoppgaver bør få konsekvenser, til dømes
675 gjennom tettare oppfølging av Språkrådet.

676
677

678

679 **R14 Stans krigshandlingane på Gazastripa**

680 Den 7. oktober 2023 gjennomførte Hamas et brutalt terrorangrep mot Israel hvor inntil 1200
681 mennesker ble drept. Som svar på dette har Israel gått til en brutal krig utenfor alle proporsjoner mot
682 Hamas og befolkningen i Gaza, noe som per dags dato har krevd over 31000 menneskeliv. Av disse er
683 det anslått at 21000 er kvinner og barn. Samtidig med krigen er trafikken for humanitær nødhjelp
684 strupet, og det rapporteres om sult og hungersnød i Gaza. Den humanitære katastrofen er total, og
685 Israels krigføring er i strid med folkeretten. Det er totalt uakseptabelt!

686 Det hastar å få frem nødhjelp og innføre ei varig våpenkvile.

687 Som alltid i krig er det dei svakaste som betaler den høgaste prisen. Aldersgruppa øvst på
688 dødsstatistikken er 5-åringar. Barn skal gå i barnehage og på skule, og ikkje døy eller bli skadde i krig.
689 Noreg må ta tydeleg avstand fra krigshandlingar i folkesette område og jobbe for å styrke plikta
690 verdssamfunnet har til å verne barn i krig.

691 Israel hindrar tilførsel av vatn, mat og medisinar til befolkninga på Gazastripa, noko som fører til
692 ytterlegare lidingar blant sivilbefolkninga. Behovet for nødhjelp er vorte prekært.

693 Verdenshelseorganisasjonen (WHO) melder at barn har døydd av matmangel nord i Gaza. Vatn,
694 elektrisitet og sement må kome inn for at øydelagt infrastruktur skal kunne reparerast. Noreg må
695 vere ei tydeleg stemme for at blokaden blir oppheva, og for at nødhjelpa kjem inn til dei som treng
696 ho.

697 *DISSENS – Komiteens flertall, Kine, Henrik, Kristin, Torill, Oda, Per Harald og Rune ønske å legge til :
698 Brot på folkeretten må få konsekvensar. Noreg og andre vestlege land må vere villige til å setje makt
699 bak kravet til Israel om å få slutt på krigføringa.*

700 *Økonomiske sanksjonar mot Israel vil vere ein verknadsfull reaksjon. Derfor vil me jobbe for eit forbod
701 mot handel med varer og tenester som har opphav i dei okkuperte områda. Statens pensjonsfond
702 utland må selje seg ut av alle dei israelske selskapa, og alle selskap som bidreg til brot på folkeretten
703 og menneskerettane i dei okkuperte områda. Noreg bør gå i spissen for internasjonale sanksjonar
704 mot Israel så lenge den folkeretsstridige krigføringa held fram.*

705 *Komiteens mindretal, Ola, Ingvild, Christian og Linda ønsker å legge til:
706 Noreg bør halde fram med å jobbe med alle krefter som kan bidra til ei våpenkvile. Me har ingen
707 tradisjon for åleinegang i sanksjonsspørsmål. Ein einsidig norsk boikott mot Israel vil ikkje ha nokon
708 effekt. Tvert imot vil den kunne ha motsett effekt ved at Noreg ikkje lenger kan oppretthalde dialog
709 med begge partar i konflikta.*

710 Noreg bør forplikte seg til ein massiv humanitær hjelpepakke og til å bidra til gjenoppbygginga av
711 Gaza i åra framover. Folkeretten og rett palestiniane har til sjølvstyre må ligge til grunn for alle
712 politiske prosessar. Noreg bør fordømme og arbeide mot folkeretsstridige busetjingar på
713 Vestbreidda, auke støtta til UNRWAs humanitære arbeid i Gaza, og så snart som mogleg anerkjenne
714 Palestina som ein sjølvstendig stat.

715 Angrepa mot palestiniane er israelske styresmakter sitt ansvar åleine. Arbeidarpartiet tek total og
716 utan etterhald, avstand frå all antisemittisme og rasisme. Situasjonen i Midtausten stiller oss på
717 prøve, og me må sikre at verdiane og prinsippa for folkeretten og menneskerettar vert varetekne.

718 Arbeiderpartiet har lang tradisjon for å stå saman med undertrykte folk. Solidariteten vår stoppar
719 ikkje ved landegrensene. Arbeidarpartiet har alltid kjempa for fridom og likeverd for alle. Dette er
720 verdiar me må stå opp for, og det er på høg tid at me følgjer opp med handling.

721 **Vestland Arbeidarparti:**

- 722 • Fordømmer Israel sin invasjon, okkupasjon, og blokade av Gazastripa.

- 723 • Vil at Noreg skal fordømme Israel si krigføring og brot på folkeretten og jobbe aktivt for å få
724 på plass ei varig våpenkville.

- 725 • Vil at Noreg forpliktar seg til ein massiv humanitær hjelpepakke og til å bidra til
726 gjenoppbygginga av Gaza.
727 • Held fast på målet om en tostatsløsning og vil at Noreg så snart som mogleg anerkjenner
728 Palestina som ein sjølvstendig stat.

729 *DISSENS – Komiteens flertall, Kine, Henrik, Kristin, Torill, Oda, Per Harald og Rune:*

- 730 • *Vil jobbe for eit lovfesta forbod mot handel med varer og tenester produsert på ulovleg
731 okkupert jord, og frå selskap som medverkar til brot på folkeretten og menneskerettar i
732 ulovleg okkuperte område.*
733 • *Vil at oljefondet sel seg ut av alle dei israelske selskapa, og alle selskap som bidreg til brot på
734 folkeretten og menneskerettane i dei okkuperte områda.*
735 • *Meiner at Noreg bør gå i spissen for internasjonale sanksjonar mot Israel så lenge den
736 folkeretsstridige krigføringa held fram.*

737

738

739 **R15 Sikre rettane til papirlause og einslege mindreårige asylsøkjarar**

740 Det er vanskeleg å talfeste nøyaktig kor mange papirlause flyktningar det er i Noreg, men Statistisk
741 Sentralbyrå estimerer at det er om lag 18 000 per i dag. Desse har fått endeleg avslag på søknad om
742 opphold i Noreg, og er ikkje ønska tilbake av myndighetene i heimlandet deira. Nokre av dei risikerer
743 å bli drepne dersom dei reiser tilbake til heimlandet sitt. Dei har ikkje rett til utdanning, å jobbe i
744 Noreg eller helsehjelp. Dei har 70 kroner dagen til livsopphald.

745 Å leve i ein slik limbo er øydeleggjande for den som blir utsett for det, og det er uverdig for eit
746 sosialdemokratisk, humant samfunn. Dette gjeld særleg for foreldre som får utvisningsvedtak, utan
747 at ein tek omsyn til dei alvorlege belastingane barna vert utsette for. Det er urimeleg å setje
748 "innvandringsregulerande omsyn" framfor dei djupt menneskelege omsyna det her er tale om.

749 Einslege barn og unge som kjem til Noreg og har begynt å slå rot, er integrert med vene og
750 aktivitetar i sine nærmiljø, har lært seg norsk og er i gang med skule med sikte på ei framtid her. Vi
751 må hindre at dei flyktar på nytt og forsvinn, med fare for å hamne i kriminelle miljø. Det er ikkje
752 rettsstaten verdig å sende sårbare unge ut når dei blir 18 år.

753 Vestland Ap vil sikre rettane til papirlause flyktningar og einslege mindreårige asylsøkjarar og gje dei
754 ein sjanse til å skape eit verdig liv. Vestland fylke har gått føre i arbeidet for at papirlause flyktningar
755 skal få oppfylt sine grunnleggjande rettar. Fylkestinget medgir at «papirlause migrantar har
756 helseutfordringar og ikkje tilgang til grunnleggande menneskerettar i Vestland og Noreg»
757 (PS103/2022). Papirlause står i eit utanforskap, med mykje menneskeleg liding og usikkerheit.
758 Helseenteret for papirlause migrantar og andre gjer uvurderlig hjelpe, men staten har eit sjølvstendig
759 ansvar for å sikre at menneskerettane blir respektert og etterlevd. I dag er staten si regulering ei
760 direkte årsak til uverdige livsforhold.

761 **Vestland Arbeidarparti:**

- 762 • vil at papirlause flyktningar skal få gratis helsehjelp, og moglegheit til å gå på norskkurs og til
763 å skaffe seg ein jobb.
764 • mener at omsynet til barnets beste skal kunne gis avgjerenda tyngde i utvisingssaker
765 • krev varig opphold for einslege mindreårige asylsøkjarar og vil greie ut amnesti for
766 ureturnerbare langtidsbuande vaksne asylsøkjarar
767 • vil at dagens unntaksreglar i forskriftene til Pasient- og brukerrettighetslova,
768 Sosialtenestelova og Utlendingslova vert revidert for å sikre bestemmelsar som tilfredsstiller
769 menneskerettslege krav.

770
771

772

773 **R16 Vald i nære relasjoner**

774 Vald i nære relasjoner er eit stort samfunnsproblem. Mellom 1992 til 2021 hadde meir enn 100 000
775 personar i Noreg opphold på krisenter. Krisentera får 20 000 førespurnadar årleg. Partnardrap
776 utgjer eitt av fire drap i Noreg, og i 7 av 10 tilfelle er det registrert vald mellom partnarar i forkant.
777 Antall innkomande samtalar til valds- og overgrepstelefonar er også blitt dobla. Ei samfunnsanalyse
778 rekna at vald i nære relasjoner kosta samfunnet 92,7 milliardar kroner i 2021, sjå Prop 36 S. (2023-
779 2024) s. 9.

780 Den største kostnaden ber likevel dei som er utsette for vald og deira pårørande. Kjønnsbasert vald
781 er ei urett som rammer kvinner og jenter i langt større grad enn menn og gutter. Det er eit hinder for
782 utvikling, likestilling og integrering. Dei som lever i frykt for vald og overgrep, kan ikkje delta fullt ut i
783 samfunnet eller leve gode liv. Kampen mot kjønnsbasert vald er ikkje berre eit spørsmål om rettferd,
784 men også ein naudsynt føresetnad for å byggje eit samfunn basert på likeverd, tryggleik og respekt
785 for alle. Denne forma for vald tek mange former, inkludert fysiske, seksuelle og psykiske krenkingar,
786 og skjer både i det private og offentlege rom.

787 Vald i nære relasjoner har mange offer. Barn som er vitne til partnervald, kan få traumar resten av
788 livet. For barn kan det å vere vitne til vald mellom foreldre eller andre vaksne omsorgspersonar, ha
789 tilsvarende skadeverknad som det å bli direkte utsett for vald sjølv, sjå Meld. St. 15 (2012-2013).

790 Samfunnet må jobbe langs fleire spor for å møte problemet. Det førebyggjande arbeidet er tilpassa
791 tiltak og behandlingstilbod retta mot personar som står i fare for å utøve eller utøver vald. Vestland
792 Arbeidarparti meiner at meir ressursar må settast av til å hjelpe dei som utøver valden, til dømes
793 auka ressursar til sinnemeistring, åtferdsterapi m.m. I tillegg må det jobbast for auka forståing og
794 kunnskap i statlege organ om fenomen som negativ sosial kontroll, æresrelatert vald,
795 migrasjonsstress, flukterfaringar, tap av språk, tap av status og kjende referanserammer som
796 risikofaktorar.

797 Sidan domstolane i 2013 fekk heimel til å ileggje såkalla ”omvendt valdsalarm”, har påtalemakta
798 bede om det i 232 saker. Det er blitt innvilga i berre 105 saker, altså i under 50% av tilfella. I 2022
799 kom Riksrevisjonen med alvorleg kritikk av myndighetene sin innsats mot vald i nære relasjoner.
800 Vestland Arbeiderparti vil at omvendt valdsalarm må bli hovudtiltaket for menneske med
801 besøksforbod, og bør brukast i større omfang enn i dag. Påtalemakta si avgjerd om å ilegge
802 elektronisk kontroll skal som hovudregel bringast inn for domstolane for prøving.

803 Omvendt valdsalarm vil gje auka tryggleik til ofra og byrda for besøksforbodet bør vere lagt til dei
804 som vert ilagt besøksforbodet. Risikosituasjonen kan då verte avvega raskare av politiet ved brot.
805 Endringane er foreslått å gjelde frå 1. juli i år, men bør innførast så raskt som mogleg.

806 Saker om vald i nære relasjoner er av ulik karakter, og omfattar meir enn det ein tradisjonelt har sett
807 på som nær relasjon, innanfor «huset sine fire veggar». Det utfordrar både lovgleiving, rettsvesen,
808 hjelpeapparat og likestillinga i samfunnet vårt. Det angår oss alle.

809 **Vestland Arbeidarparti:**

- 810 • vil og forsterke moglegheita påtalemakta har til å gje omvendt valdsalarm utan
811 forutgåande rettsleg kjennelse i tilfelle der det føreligg risiko for liv og helse.
- 812 • vil at det blir avsett fleire midlar til regjeringa sin opptrappingsplan mot vald og overgrep mot
813 barn og vald i nære relasjoner for perioden 2024-2028 (Prop 36 S. (2023-2024)), med særskilt
814 fokus på spreiinga av RISK-modellen til fleire politidistrikt.
- 815 • vil at kommunar skal påleggjast å utarbeide handlingsplanar mot vald i nære relasjoner.
- 816 • vil ha ei reell styrking av krisenter tilboda.
- 817 • vil at kunnskap om og rutinar i tilknyting til risikofaktorar vert auka i alle offentlege etater
818 (NAV, barnevernstenesta, helsetenesta, skulevesen, politi, påtalemakta, domstol, mv)

- vil at lovreglar om avvergingsplikt blir gjort meir lettfattelege, for å m.a. unngå at tausheitsplikt blir eit utilsikta hinder for å avverge vald i nære relasjonar og gjere naudsynte inngrep.
- vil at meir ressursar vert sett av til å nå og hjelpe dei som utøver valden, for eksempel auka ressursar til sinnemeistring, åtferdsterapi m.v., i samband med besøksforbod og andre indikatorar på aggressjons- og valdsutøving.
- vil arbeide for å betre straffelova sine avgjerde om vald i nære relasjonar, særleg med tanke på definisjonen av ”nær relasjon”. Det bør ikkje vere eit kriterie å høyre til same husstand for å vere i ein nær relasjon – dette fører til at til dømes kjærastepar som ikkje bur samen, og æresrelatert vald, kan gå under radaren.
- vil arbeide for å senke terskelen for tiltak når valdsutsette søker hjelp.
- vil stimulere til meir forsking på motiva bak partnerdrap og arbeide for å auke kunnskap om æresrelatert vald i minoritetsfamiliar.

832
833

834

835 **R17 Samferdsel**

836 Vestland Arbeiderparti fattet under årsmøtet 2023 et helhetlig vedtak om den kommende Nasjonal
837 Transportplan. Dette vedtaket la grunnlaget for Vestland Arbeiderparti sine innspill til NTP. Styret i
838 Vestland Arbeiderparti har nå varslet at den vil kalle inn til et eget representantskapsmøte for å
839 behandle NTP-en etter at den er lagt frem.

840 Grunngjevinga for dette er at regjeringa sin NTP blir, i motsetning til tidlegare NTP-ar, lagt fram midt i
841 ein stortingsperiode, og berre eit par dagar etter at VAP har gjennomført sitt årsmøte. NTP-en som
842 blir lagt frem er basert på samferdselsuttaler frå de forskjellige fylkeslagene frå 2023. For å få
843 realistiske diskusjonar om innspel til den framlagde NTP-en er det hensiktsmessig å vente til denne er
844 lagt frem.

845 Regjeringen har varslet at NTP-en vil legges frem som en stortingsmelding 22. mars. Styret i Vestland
846 Arbeiderparti har varslet et representantskap 4. mai for å behandle denne og gi Vestland
847 Arbeiderparti sine innspill til stortingsgruppas behandling av NTP-en.

848 Redaksjonskomiteen ber om fullmakt fra årsmøtet til å få virke videre til og med
849 representantskapsmøtet 4. mai. Redaksjonskomiteen vil ta med alle forslagene om NTP i arbeidet
850 frem mot representantskapsmøtet. Vi ber også kommunepartiene om å komme med innspill
851 Vestland Arbeiderpartis uttale om NTP når den foreligger.

852 Redaksjonskomiteen vil arbeide etter følgende frister:

- 853 • 22 mars: NTP offentliggjøres
854 • 15 april: frist for å sende innspill til uttale fra VAP
855 • 30 april: første utkast fra redaksjonskomiteen

856
857 Forslag til vedtak: Saker som omhandler NPT oversendes representantskapsmøte 4. mai. Årsmøtet
858 sin redaksjonskomite får fullmakt til å virke videre frem til og med representantskapsmøtet 4. mai.

859
860 Forslag som vert foreslått oversendt til representantskapsmøte om NTP: 192, 193, 195, 196, 201,
861 202, 203, 204, 207, 215, 216, 217, 221, 222, 224, 228, 231, 232, 233, 234, 240, 241, 242, 243, 246,
862 248, 249, 251, 252, 253

